

Røykjesluttkurs med seks deltakarar

12.09.2007

Onsdag startar det røykjesluttkurs i regi av Nasjonalforeningen/Uskedalen helselag og det blir seks deltakarar, opplyser kurskoordinator Helga Sekkingstad Hauge til uskedalen.no.

Denne gongen blir kurset halde i Uskedalen medan det var i Rosendag sist vår. Då var deltakartalet 14.

Grunnen til nedgongen vil ikkje koordinatoren ha nokon klår meining om, men deltakarane i dette kurset kjem i hvert fall frå området frå Uskedalen og utover medan det i fjor var mange frå Rosendal.

Kurset blir halde over seks onsdagar.